

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 16/1812-1

Hovudsamarbeidsutvalet - skriv og meldingar til møte 25.02.2016

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

Meldesak 1) Seniorkurs etter revidert seniorpolitisk handlingsplan

Fylkeskommunen har i samarbeid med Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) lage eit kursinnhald og fastsett kursdagar for tilsette i målgruppa fylte 60 år til 67 år. For medlemmar av KLP tilbyr vi kurs den 26. februar 2016 og for medlemmar i STP den 11. mars 2016. Kursinnhaldet følgjer denne malen:

- ✓ Motivasjon – arbeidspsykologisk vinkling
- ✓ AFP/KLP informasjon - faktabasert
- ✓ Din pensjon – kroner og ører
- ✓ Eventuelt supplere kurset med relevant faglitteratur

Pr 16. februar er det påmeldt 42 personar til KLP-kurset og 37 personar til SPK-kurset. Påmeldingsfristen er sette til den 19. februar 2016.

Tabellen under viser tal tilsette pr. i dag etter alder og medlemskap i høvesvis KLP og SPK.

Medlemskap	Alder 60	Alder 61	Alder 62	Alder 63	Alder 64	Alder 65	Alder 66	Alder 67	SUM
KLP	19	20	25	18	19	12	10	4	127
SPK	24	31	30	22	17	24	22	9	179
SUM	43	51	55	40	36	36	32	13	306

Meldesak 2) Oppfølging av vedtak om restriksjonar på bruka av tobakk (HSU sak 17/14)

I HSU-sak 17/14 vedtok utvalet at fylkesrådmann skal gi råd til dei lokale arbeidsmiljøutvala for å følgje opp korleis regelverket vert handheva. Frå 1. april 2016 har ordninga vore aktiv i eitt år og fylkesrådmann vil følgje opp vedtaket ved at alle LAMU vert spurde om korleis regelverket vert etterlevt og eventuelt korleis dei følgjer opp/sanksjonerer avvik.

Meldesak 3) Ny samarbeidsavtale med Stamina Helse AS som leverandør av bedriftshelsetenester

Den 26. januar møtte Frm-personal v/ A. Stenehjem BHT for ein gjennomgang av ny avtale etter inngåing av ny kontrakt om levering av bedriftshelsetenester til Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

- presentasjon av nye tenester frå Stamina
- oppsummering av leverte tenester i 2015 (årsmelding)
- planlegging av overordna tenester i 2016

Referat frå møtet ligg som vedlegg til saka.

Meldesak 4) Nytt utsett 40-timarskurs i februar/mars 2016

Førtitimarskurset er minimumskravet til grunnleggande opplæring i helse-, miljø- og tryggleiksarbeid. 40timarskurset er delt i to deler etter modellen 2+2 dagar med heimelekse. Kursstaden er Quality Sogndal Hotel og del vert gjennomført dagane 3. og 4. februar og del II dagane 2. og 3. mars 2016. Del I er gjennomført for 17 deltakarar. Del II har 20 påmeldte deltakarar.

Meldesak 5) Fagmesse for reinhaldarar

Staples er vår hovud leverandør innafor reinhaldsprodukt og tilbyr no gratis fagmesse tre stader i fylket. Innhaldet er foredrag og presentasjon av nyheiter og vert først presentert i Sogn den 16. mars på Sogndal vg skule. Dei to neste fagmessene kjem tidleg i april presentert først i Nordfjord (Eid) så i Sunnfjord (Førde). Målgruppa er driftsansvarlege, leiande reinhaldarar og reinhaldarane.

Meldesak 6) Kurstilbod frå NAV våren 2016 – webinar

NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane er eit kompetansesenter for inkluderande arbeidsliv. Du kan velje mellom å ta kursa i Førde eller som webinar. På Portalen under nyhende ligg oversikt over alle IA-kurs som webinar. Ulike tema:

- ✓ Systematisk sjukefråværsoppfølging
- ✓ Helsefremming – meir enn frukt og grønt
- ✓ Konflikt på arbeidsplassen – konflikt eller brot?
- ✓ Arbeidsgjevar sin tilretteleggingsplikt
- ✓ Førbyggings- og tilretteleggingstilskot
- ✓ Tillitsvalde si rolle i IA-arbeidet
- ✓ Individuell oppfølgingsplan
- ✓ Psykisk helse og arbeidsliv
- ✓ Stressmeistring
- ✓ Seniorpolitikk – korleis lage gode mål og tiltak?
- ✓ Korleis lukkast med rekruttering og arbeidspraksis?

Meldesak 7) KS inviterer til fagdag om leiing «Guide til god ledelse»

I september 2015 lanserte KS «Guide til god ledelse». «Guide til god ledelse» tydeleggjer kva som kjenneteiknar god leiing i kommunal sektor, og seier kva KS meiner bør ligge til grunn for utvikling av ein god leiarkultur. Guiden byggjer på nyaste forskning om leiing.

I tillegg har KS og Kommuneforlaget lansert ei ny medarbeidarundersøking for tilsette i kommunal sektor. Professor Linda Lai ved Handelshøyskolen BI har vore fagleg rådgjevar for utviklinga av medarbeidarundersøkinga. Undersøkinga er meir fokusert og avgrensa enn tidligare – berre 10 faktorar og berre 3–5 påstandar knytt til kvar faktor. I undersøkinga er det spesielt lagt vekt på å mestre, motivasjon, organisasjonen sin fleksibilitet, medarbeidarskap og leiing. Faktorane i medarbeidarundersøkinga er også sentrale i «Guide til god ledelse».

Meir om dette på Portalen.